

Per Gjessing Høiland  
Nedre Dynnersmauet 1  
5011 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15507 - 23/7931

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
30.01.2023

## Avvist klage på sakshandsamingsgebyr - gbnr 349/11 lo

<b>Administrativt vedtak.</b>	<b>Saknr:</b>
<b>Tiltakshavar:</b>	Per Gjessing Høiland
<b>Ansvarleg søker:</b>	
<b>Søknadstype:</b>	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Klage datert 01.12.2021 vert avvist med heimel i forvaltningslova (fvl.) §33 andre ledd, då klaga ikkje gjeld eit enkeltvedtak jf. fvl. §28 første ledd.**

### Saksutgreiing

Klaga omfattar i denne omgang klage på gebyr i forbindung med vedtak datert 15.06.2021 for avslag på delingssøknad og dispensasjon. Klage på vurderingar i vedtaket er handsama gjennom eigen klageomgang.

Det er i klage vist til at det vert protestert på gebyr i sak. Det er vist til at det er kommunisert med byggesaksavdeling at kostnad ved søknad vil vere ubetydeleg. Det er vist til at gebyret var betydeleg, og er dermed lagt fram krav om at dette vert fråfalt.

### Rettsleg utgangspunkt

Det følgjer av forvaltningslova (fvL) § 28 første ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I fvl. § 33 andre ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b) slår fast at eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til ein eller fleire bestemte personer». I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ileyding av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebrysatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.

#### **VURDERING:**

Det er her vurdert at det er klag på at det er gjeve gebyr i saka. Det er ikkje vist til at kommunen har brote sakhandsamingsfrist eller berekna frist feil etter sakhandsamingsfristar. Som det går fram av rettsleg utgangspunkt ovanfor er ikkje gebyret eit enkeltvedtak som kan klagast på, der gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast.

Det ligg føre slik gebyrforskrift her. Det er følgjeleg vurdert at det ikkje er klag på eit enkeltvedtak jf. fvl. § 2 første ledd bokstav b). Det ligg dermed ikkje føre grunnlag til å klage på vedtak, ettersom det er ein føresetnad at klage er retta mot «enkeltvedtak». Dette er nærmare presisert i punkt 4.10 i det aktuelle gebyrregulativet frå 2021, der det er vist til at det ikkje er klagerett på forskrift jf. fvl. §§ 3, 28 og 40. Vidare er det her presisert at ein ikkje kan klage på at det vert kravd gebyr, eller storleiken på gebyret.

Gebyrregulativ for 2021:

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/373994a0d15f466cbe50950140830a40/gebyr-og-betalingssatsar-2021.pdf>

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Grethe Iden

Nedre Dynnersmauet 1 5011 BERGEN

**Mottakarar:**

Per Gjessing Høiland

Nedre Dynnersmauet 1 5011 BERGEN